



Føresette og verger til bebuarar i Bustølvegen borettslag v/Merethe M. Vikebø
Sagstadvegen 41
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykker:
Vår: 18/669 - 18/6375

Saksbehandlar:
Britt Hilde Romarheim
britt.romarheim@meland.kommune.no

23.03.2018

Tolking av kommunens praksis i forhold til oppholdsprinsippet

Kommunen viser til dykker brev 01.03.2017 (skal være 2018).

Brevet er retta til avdelingsleiar Tilfjord. Sidan tema i brevet er praksis i høve til feriereiser mv. som ikkje berre gjeld Bustølvegen borettslag, men brukarane i heimetenesta generelt, har eg funne det naturleg at eg som leiar for heimetenestene i kommunen svarer på dette.

De gir uttrykk for at de ynskjer eit møte med kommunen der det vert gitt informasjon om kommunen sin praksis "i forhold til oppholdsprinsippet". Kommunen er i utgangspunktet ikkje uvillig til å møte pårørande til brukarane for å avklare tilhøve som måtte vere uklare eller for å finne løysingar på oppståtte problem. Men kommunen kan ikkje sjå at eit møte er hensiktsmessig i dette høve sidan kommunen sin praksis relatert til det spørsmål som er reist, er heilt klar.

Det sentrale spørsmålet er om kommunen har plikt til å yte helse- og sosiale tenester utanfor kommunen sine grenser. Det vert i brevet vist til at kommunen sin praksis både er i strid med lova, er konvensjonsstridig, i strid med rettspraksis og uttale frå fagstadsråd. Det er det ikkje grunnlag for. Sidan problemstillinga i det alt vesentlege er den same som i ei tidlegare klagesak til Fylkesmannen i Hordaland, finn kommunen det ikkje nødvendig no å kommentere grunngjevinga i brevet nærmare. Problemstillinga i nemnde klage var om kommunen hadde plikt å la pleie- og omsorgstenester fylge ein brukar ut av kommunen. Fylkesmannen fann at kommunen sitt vedtak om at slike tenester ikkje skulle fylgje brukaren i eit slikt høve, ikkje var i strid med helse- og omsorgstjenesteloven eller pasient- og brukerrettighetsloven og uttalte elles fylgjande:

« Loven sier at det er oppholdskommunen som har plikten til å gi nødvendige helse- og omsorgstjenester, og det gjelder både omfattende omsorgstjenester og for tjenester under kortvarige opphold. Dette slo det daværende Sosial- og helsedepartementet fast i rundskriv I-43/99 som gjelder ansvaret for å yte pleie- og omsorgstjenester til sterkt pleietrengende ved flytting mellom kommuner: *Det er klart at en kommune ikke har plikt til å yte helse- og sosiale tjenester utenfor kommunens grenser.* Dette slo Helse – omsorgsdepartementet fast i rundskriv I-9/2015 om brukerstyrt personlig assistanse. *Helse- og omsorgstjenesteloven slår fast at kommunen skal sørge for at alle som oppholder seg i kommunen tilbys nødvendige helse- og omsorgstjenester.*

Kommunen har altså et ansvar for alle som oppholder seg i kommunen, uavhengig av om de bor

der eller er der i forbindelse med arbeid, studier eller feriereiser. En konsekvens av oppholdsprinsippet er at en bruker i prinsippet ikke kan ta med seg innvilgede tjenester til en annen kommune og la denne kommunen yte og finansiere tjenestene.»

Fylkesmannen uttaler at han ikke var kjend med tilsvarende lovtolkingar "for ledsagertjenester, i alle fall ikke for å ledsage på ferie-/fritidsreiser/kulturopplevelser, men vi legger til grunn at oppholdskommuneprinsippet gjelder tilsvarende for slike formål".

Kommunen viser til dette og kan ikke sjå at det er noko i brevet dykkar som gir grunnlag for noko anna vurdering.

Med helsing

Britt Hilde Romarheim
leiar heimetenesta

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kari Anne Iversen
Martin W. Kulild
Nina Tillfjord